

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Nordland  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Velfjord  
 Emne: Julenissen Bygdelag: Børja  
 Oppskr. av: Knut Strompeal Gard:  
 (adresse): Storbørja G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko av eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Skikken med å ha ein julenisse til å dela ut julgavone er ikkje gammal i Velfjord. I Børja grend i Velfjord kom skikken i bruk kring 1920. Det var pålag same tid skikken kom i andre grender innan bygda og. Det er noko lengre sidan ein tek til å legja julegavone under juletreet og fortelja børna at det var julenissen som hadde lagt dei der. Tonny Strompdal som er fødd på Sæterland ei anna grend i Velfjord, fortel at kring 1915 hadde dei den skikken på Sæterland. Det skalde vera julenissen som kom mea gavone, men det var ingen som kledde seg ut, så julenissen kom med gavene usedd. Det var i heimane dei først tok til å kleda seg ut som julenisse. Sidan kom dei etter på juletrefestar og liknande tilstelningar og. Før hadde det berre vore skikk å legja noko gotter eller kva det no var børna skulle få, opp i nokre korgar av papir og korgene vart tekne beinast ned fra juletreet og gjevne børna. Skikken med julenisse kom snaut med julehefte elier annan lesnad eller teikningar. Truleg var det først nokon som hadde hørt om skikken frå andre bygder og som så tok etter skikken,

men noko sikkert kan det ikkje segjast. Fra gamalt har eg ikkje høyrt om , at dei hadde den trua , at nissen kom med serlege julegåvor til folk . Han kunne gjeva trivnad til krøtera , koma med høy til ein avhalden husbond og liknande .

2. No er det det mest vanlege at ein på garden kled seg ut som julenisse og kjem med alle gavone som skal delast ut . Men some tider kan ein eller ei på ein av nabogardane kleda seg ut til julenissen og koma med julegåvor til fleire granner . Da kan han ha med berre gavør frå sume og prøver vera ukjent for både vaksne og born . Det vanlege er åt julenissen ikkje får noko for bryderiet sitt. Men kjem ein fra nabogarden som julenisse , så er det vanleg at han får traktering før han fer att. Trakteringa er kaffe og julemat.

3. Det er ikkje nokon fast skikk kven det er som skal kle seg ut . Det kan vera far , mor eller ein av dei eldre syskena . Mest om å gjera at han har fantasi og kan få utført pliktene sine på mest morsame måte . Ofte er det ei kvinne som kled seg ut i mannfolkklede og er julenisse.

4. Julenissen har til vanleg langt kvitt skjegg og topphuve . Skjegget var oftast heimelaga, men kunne også vera kjøpt som utstyr til amatørteater i ungdomslaget . Toppihuva skulde vera raudfarga og av uld . No kjøper ein ofte heile maska med skjegg og alt , men den raude huve er enda brukta .

5. Sume kjøper masker hos handelsmannen , andre lagar sjølv til skjegg og anna utstyr.

6. Her gar ein ikkje julebukk no lenger . A bruka julenissemaske når ein skulde gå julebukk

3

har ikkje nokon gong vore brukta.

7. Her har det aldri hendt at julebukker  
har delt ut julegavor.

8. Pa ein mate er det den gamle nissen  
ein skal kopiera med den nye julenissen. Tuften  
og nissen var her i den gamle xx folkeminnetradi= 3  
sjonen ikkje plent den same. Tuften helt meire til  
ute og fekk grauten sin sett under lemmbrua eller  
kansje under tuntreet. Nissen felta seg meire i  
stall og fjøs og fekk maten sin sett inn på laven.  
Det er den siste som julenissen har eit visst  
samband med.

9. Nokon annan skikk enn alt nemnt har eg  
ikkje høyrt vore brukta. Det einast som her kan  
likne litt pa dømet fra Heskeland er den skikken  
dei ei tid hadde sume stader, at julegavor vart  
lagt under juletreet og sa vart det sagt at det  
var nissen som hadde lagt dei der. Berre om borna  
hadde vore snille kunne dei venta a finna neke til  
seg under juletreet.

**5680**

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING